

Trivleg hagekonsert for 90-årig æresmedlem.

08.08.2018



Ei flott musikkstund på Haugland

I 1986 var Trygve A. Haugland utnemnd til æresmedlem i Uskedal musikklag. Den 13.juli runda den spreke tidlegare musikaren 90 år. Då han feira dagen med ope hus i Helgheim var musikklaget forhindra i å spela då storparten av grovmessingen var bortreist på ferie. Dermed vart øvingskvelden tirsdag brukt til å heidra æresmedlemmen med ein liten konsert.



Æresmedlemmen Trygve Haugland sette tydeleg pris på besøket.

Trygve Haugland spelte forskjellige instrument i Uskedal musikklag, men lengste tida hugsar vi han som ein stødig og god tubaist. Etter at han slutta som aktiv, har han heile tida vist stor interesse for laget, og han har vore ein svært så positiv publikummar. Siste opptreden med musikklaget hadde han under hovudprogrammet på 17.mai i 2015. Då var han songsolist med korpset i Norge, mitt Norge. Trygve er også velkjend for å ha god og kraftig bassrøyst, og denne vakre framføringa sit nok godt i minnet på mange av dei som var blant publikum.

Tirsdag kveld rigga altså musikkgjengen seg til i vakre omgjevnader i hagen til Trygve og Sigrun på Haugland. Etter å ha starta den vesle konsertavdelinga med utdrag av Jubilantmarsj, fekk Trygve og Sigrun høyre både frelsesarmemusikk, ein av Trygve sine mange favorittsongar Vestland, Vestland og feiande vals før musikklaget avslutta med meir marsjmusikk. Då bandet trødde til med valsen Helsing til Sykylven, heiv like godt det spreke og dansegladde paret seg uti dansen frå tilhøyrarplassen sin på terrassen.

Etter musikken vart alle invitert inn der Sigrun, Trygve og dottera Tove Skår baud på kaffi, brus og knallgode kaker. Stemningen var topp, praten gjekk godt og det var mykje god mimring. Utan tvil ei kvelstund som alle som var til stades, sette stor pris på. På tampen legg vi til at Sigrun og Trygve har meir som snart kan feirast. Den 22.august har dei vore gift i 65 år. Visste de at det heiter kronjuvelbryllup? Fantastisk er det i alle fall!



Vertskapet Trygve og Sigrun saman med yngstedottera Tove Skår. Trygve viser fram beiset på at han vart utnemnd til æresmedlem i 1986. Den er laga av Tor Lakslev.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Tove Skår og Thor Inge Døssland